# tilbod innan demensomsorg



- LEGETENESTA
- TILDELINGSKONTORET
- HEIMETENESTA
- AUSTEVOLL PLEIE OG OMSORGSSENTER
- ERGO- FYSIOTENESTA
- PSYKISK HELSE, RUS OG KREFTOMSORG
- AUSTEVOLL DEMENSFORENING
- FRIVILLIGHET

AUSTEVOLL KOMMUNE




## LEGETENESTA

Oppdager og diagnostiserer demens
Når pasienter kjem med symptomar på demens eller når lege eller nære relasjoner får mistanke om demens, er det fastlegen som utreder for eventuell demensdiagnose.
Legane har tilgjengelig verktøy for kartlegging gjennom nasjonal veileder og kompetansesenter for aldring og helse. Fastlegen din vil gjera ein Basal demensutredning - Nasjonalt senter for aldring og helse.
Dersom det er spørsmål om demens kan det være lurt med ein dobbeltime hos fastlegen, for betre tid. Dette kan informerast om til sekretærane i resepsjonen eller over telefon.
Det kan vera lurt at pasienten har følge av pårørende til time, då det kan være mykje informasjon å ta inn åleine.
Dersom det er viktig bakgrunnsinformasjon som fastlegen treng å vita før timen, kan pasient og pårørande senda dette til legen på førehand via helsenorge.no. Det kan vera greitt at pasient og pårørande diskuterer på førhand om det kan vera lurt at pasienten gjev samtykke til ein person om hjelp i kontakt med fastlegekontoret. Dette vil me gjerne ha beskjed om.
Fastlegane henviser vidare til spesialisthelsetjenesten ved behov.
Fastlegane har ansvar for heimebuande og personar som bor i omsorgsboligar.

### TELEFONNUMMER

Austevoll legeteneste:
55 08 10 50



## TILDELINGSKONTORET

Tildelingskontoret behandlar søknader om pleie- og omsorgstenester til alle bebuarar i kommunen, blant anna heimesjukepleie, sjukeheimsplass, tryggleiksalarm, dagplass, praktisk bistand, omsorgsløn, avlastning, støttekontakt med meir.

### Austevoll kommune sitt tilbod til demente:

Me gjennomfører kartleggingsbesøk i heimen når me mottek ein søknad, og utmålar hjelpebehov ut frå dette besøket, samt innhenter opplysningar i frå lege.

### Dagplass

Dagsenteret held til på Austevoll pleie- og omsorgssenter og har ope tre dagar i veka (mandag, onsdag og fredag). Me tilbyr å henta brukaren i heimen, og tilbake etter stengetid. Brukarne får middag og diverse aktivitetar. Det er 10 plassar på dagsenteret.

### Avlastning

Avlastningstiltak er eit tilbod til personar og pårørande med særleg tyngande omsorgsarbeid. Avlastning vert gjeve ut frå ulike behov og kan organiserast på ulike måtar. Tildelingskontoret vurderer behovet for bistand, og skal i samarbeid med den einskilde omsorgsytar avgjere om det skal tilbys tenester i form av avlastningstiltak. Avlastninga skal hindre overbelastning hjå omsorgsytar gjera det mogleg å oppretthalda gode familierelasjonar, ivareta sosiale nettverk, og gje høve til regelmessig fritid og ferie.



## TELEFONNUMMER

Servicekontor:
55 08 10 00

Leiar Tildelingskontoret:
55 08 14 03

Sakshandsamar eldre:
55 08 14 05

Konsulent velferdsteknologi:
55 08 14 07

### Frivillighet

Austevoll kommune har to tilsette som jobber som frivillighets-koordinatorar og skal legge til rette for kontakt og samarbeid mellom kommune og frivilligheta. Dei driftar også frivilligsentral i kommunen. Dei inviterer til ulike aktivitetar, møteplassar og venskap for alle som vil. Ein kan òg melde i frå om at det er eit behov for eit frivillig oppdrag og dei vil forsøkja å hjelpe deg med dette oppdraget. Dei har òg ein bil til rådighet som kan nyttas i frivillige oppdrag.

### Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er teknologisk assistanse som bidrar til auka



tryggleik, sosial deltakelse, mobilitet og fysisk- og kulturell aktivitet. Den styrker den enkeltes evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørande og ellers bidra til å forbetre tilgjengelighet, ressursutnyttelse og kvalitet på tjenestetilbodet.

Austevoll kommune har ein eigen rådgjevar på velferdteksnologi som skal jobbe for å implementere velferdsteknologi ut til våre innbyggarar.

## HEIMETENESTA

Heimetenesta i Austevoll kommune yter tenester til dei heimebuande. Heimebuande er dei som fortsatt bur i huset sitt og i omsorgsboliger. Pleiarane utfører tenester som er tildelt frå tildelingskontoret i kommunen.
Det er stort spenn i tenesta, nokon får hjelp med medisin, andre har behov for hjelp til personleg hygiene eller

### TELEFONNUMMER

Vakttelefon:
976 52 132 (kveld og helg)

Leiar for heimetenesta:
55 08 15 47

meir omfattande medisinsk behandling. Heimetenesta kan og levere middag laga av storkjøkken. Ved å ha eit tilbud om hjelp i heimen kan ein bu lengre heime.

Heimetenesta utfører også praktisk bistand i form av heimehjelp. Når bebuarar ikkje lenger har kapasitet til, eller ikkje kan utføre husarbeid/vask sjølv er det behov for å få praktisk bistand.

Tenester som middagslevering og praktisk bistand er betalingstenester.
Heimesjukepleie er gratis.

## TELEFONNUMMER

Vakttelefon:
976 52 132 (kveld og helg)

Leiar for heimetenesta:
55 08 15 47



# AUSTEVOLL PLEIE OG OMSORGSSENTER

Ulike tilbod på sjukehjem for mennesker med Demens diagnose/ symptom:

**Rutine på dagsenteret:**
Opningstid 10.00-14.00 måndag, onsdag og fredag
Dei ulike dagane har litt ulikt innhald, men måltida har faste tidspunkt:

| | |
|---|---|
| Kl 10.00- 10.30 | frukost |
| Kl 13.15-14.00 | middag med dessert |

**Ellers har vi aktiviteter som stort sett begynner kl 11.00:**

| | |
|---|---|
| Måndagar: | mandagskafè |
| Onsdagar: | andakt/tur |
| Fredagar: | ekskursjon/seniortreff |

Fredagar der det ikkje er ekskursjon eller seniortreff har me felles trim for alle bebuarar og dagpasientar kl 12.00

Dagsenteret er bemanna av to aktivitørar samt avdelingsleiar som er kultur- og aktivitetsleiar for heile PO-senteret. Aktivitørane har deltidsstillingar men turnus er lagt opp til at dag-

avdelinga er bemanna med to aktivitørar kvar dag, der den eine køyrer seniorbussen frå kl 8.30-10.00 og frå kl 14.00-15.30.
Dagsenteret har kapasitet til 10 dagpasientar.

Kriteriar for å få plass på dagavdelinga er det tildelingskontoret som har ansvaret for.

**Frivillighet/ Sølvfatet:**
Facebook.com/Sølvfatet, Austevoll

**Korttidsopphold:**
Ein blir henvist av lege/sjukehus/tildelingskontor, for eit korttidsopphald på sjukeheimen for å kartlegga pasient for en eventuell kognitiv svikt eller andre hjelpebehov.

**Rullerende avlastningsopphold:**
Et tilbod for pårørende til menneske med demensdiagnose eller andre pleietrengande med omfattende hjelpebehov. Tilbudet er for at de pårørende skal få avlastning og skal kunne klara å stå vidare i den omsorgsoppgåva dei har.
Avlastningsoppholdet er på avdeling Lyngheia .

**Langtidsplass på sykehjemmet**
Det er to sjukeheimsavdelingar for pasientar med demensdiagnosar.
• Dementavdelingen, Engtun
• Psykogeriatrisk avdeling, Fagertun
Teamleder: Isabell Heggen
Det er 10 plasser på kvar avdeling, bemanna med 3 personale på dagtid/kveld.

## TELEFONNUMMER

Dagsenteret:
Siren Fagerbakke kontor
55 08 15 17

Lyngheia: 55 08 15 29
Teamleder:
Anne Marie Njåstad
55 08 15 51

Dementavdelingen
Engtun: 55 08 15 71

Psykogeriatrisk avdeling
Fagertun: 55 08 15 72
Teamleder
Isabell Heggen:
55 08 15 52





## ERGO- FYSIOTENESTA

Ergo- og fysioterapitenesta i kommunen bistår personar med demens i hovudsak med trening og tilrettelegging slik at personen kan klara seg best mogleg i sine daglige aktivitetar og i sine vante omgjevnader. Ergoterapeut og fysioterapeut kan komma på heimebesøk og gjennomføra vurdering av funksjon og behov for oppfølging. Det er mogleg å få oppfølging individuelt eller i ulike gruppetilbod, dette avhenger av kva som vil fungera best for den enkelte og eventuelle pårørande.

### TELEFONNUMMER

Leiar ergo- og fysiotenesta : 913 92 968

## PSYKISK HELSE, RUS OG KREFTOMSORG

Psykisk helse og rus er eit lavterskeltilbud til innbyggarene over 18 år i Austevoll. Det inkluderer også demens og dens pårørende. Det er mellom anna:

- Koordinering
- Pårørende kan ta kontakt for råd og veiledning
- Samarbeid med med fastlege, NAV og andre sentrale i oppfølging
- Samarbeid med spesialisthelstenesten
- Veiledning for personale både i Miljøarbeidertjenesta og PO- senteret ved behov og



personale ved kjøp av private tenester til brukarane
- Råd og veiledning
- Støtte til bedring og mestring av psykiske problem som angst, depresjon, søvnvansker, stress og bekymring
- Støttesamtalar

**TELEFONNUMMER**

Leiar Psykisk helse, rus og kreftomsorg: 55 08 14 23

## AUSTEVOLL DEMENSFORENING

Demensforeinga i Austevoll arbeider ut mot personar med demens og deira pårørande. Det blir arrangert ulike arrangement i regi av demensforeininga.

Nasjonalforeningen for folkehelsen

**TELEFONNUMMER**

Nasjonal forening: 23 12 00 40
nasjonalforeningen.no




## FRIVILLIGHET

Austevoll frivilligsentral har to tilsette som legg til rette for kontakt og samarbeid mellom kommune og frivilligheta. Dei inviterer til ulike aktivitetar, møteplassar og venskap for alle som vil. Ein kan og melde i frå om at det er eit behov for eit frivillig oppdrag og dei vil forsøkja å hjelpe deg med dette oppdraget. Dei som ynskjer kan bli informert via sms i forkant av arrangement. Dei har og ein bil til rådighet som kan nyttas i frivillige oppdrag.

## TELEFONNUMMER

Frivilligkoordinator:
55 08 12 06

austevoll.frivilligsentral.no



Austevoll kommune

Unnateke off. innsyn, offentleglova §13
Opplysingar som er underlagt teieplikt

# SØKNAD OM PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

## SØKJAR:

**Namn:**

**Adresse:**

**Postnr:** **Poststad:**

**Fødselsår:** **Tlf privat:** **Tlf arbeid:**

**Sivil status:**
- ☐ Gift
- ☐ Enkje/mann
- ☐ Skild
- ☐ Ugift
- ☐ Sambuar

**Bur du åleine eller saman med andre:**
- ☐ Ektef./sambuar
- ☐ Barn
- ☐ Foreldre
- ☐ Sysken

## EKTEFELLE/SAMBUAR:

**Namn:**

**Adresse:**

**Postnr:** **Poststad:**

**Fødselsnr:**

**Tlf privat:** **Tlf arbeid:**

- ☐ **Søknad om pleie- og omsorgstenester** Jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. Kap.3
- ☐ Praktisk bistand og opplæring (heimehjelp m.m.)
- ☐ Matombringing
- ☐ Tryggleiksalarm m/nøkkelboks
- ☐ Brukarstyrt personleg assistanse
- ☐ Omsorgsløn
- ☐ Heimesjukepleie
- ☐ Dagopphald

- ☐ **Kortidsopphald i instutisjon** Jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2.6 c.
- ☐ **Langtidsopphald i instutisjon** Jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2.6 c.
- ☐ **Dagtilbod for menneske med utviklingshemming**
- ☐ **Tilrettelagt bustad**
- ☐ **Anna:**



## NÆRASTE PÅRØRANDE ELLER ANNAN KONTAKTPERSON:

**Namn:**

**Adresse:**

**Postnr:** **Poststad:**

**Tlf privat:** **Tlf arbeid:**

**Slektsforhold eller anna:**

**Merknader:**

**Oppgje kort grunn til søknaden** (Har du uttale frå lege eller annan fagperson som kan gje opplysingar til søknaden, bør du leggja det ved):

## FASTLEGE:

**Namn:**

**Kontoradresse:**

**Postnr:** **Poststad:**

**Tlf arbeid:**

## KVAR OPPHELD DU DEG FOR TIDA:

☐ I heimen

☐ Anna (oppgje kvar og evt. tlf):

**Merknader:**

## FULLMAKT OG UNDERSKRIFT

Underteikna gjev pleie- og omsorgstenesta fullmakt til å innhenta opplysingar om helsemessige og sosiale forhold samt søkjar sin økonomi som er relevant i høve betaling for tenester.

**Stad/dato:**

**Søkjar si underskrift:**

Dersom søkjar ikkje har skrive under sjølv, oppgje årsak:

**Returadresse: Austevoll kommune, 5392 Storebø**

Søknad om trygde- og omsorgsbustad vert vurdert under eitt. Ved registrering av søknad om pleie- og omsorgstenester vert personopplysingar ført i dataprogrammet Profil. Pleie- og omsorgstenesta nyttar mellom anna kartleggingsverktøyet IPLOS (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk) ved vurdering av tenestetilbodet, og innhentar ved behov nødvendig og relevante helseopplysingar frå samarbeidande helsepersonell, t.d. fastlege. I høve søknaden vil du verta kontakta innan 1-3 veker evt. for å avtala tidspunkt for heimebesøk.

Postadr: 5392 Storebø Tlf: 55 08 10 00 Faks: 55 08 10 01 Bankgiro: 6518.05.00949
E-post: postmottak@austevoll.kommune.no Foretaksreg. NO 941 139 787 MVA